

## **Innspel til kommunedelplan for trafikksikring 2020 – 2023**

Det vert i trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2015-2019 synt til trong for trafikksikringstiltak mellom anna på ulukkespunkt og rundt busstopp. Vidare vert det peika på at trafikkbiletet i Masfjorden er sterkt prega av gjennomgangstrafikk og fjordkryssing, og at bru over Masfjorden er ynskjeleg, men at dette vil igjen medføre auka trafikk.

Me ynskjer å få fram behovet for redusert fartsgrense på fylkesveg 570 på strekninga frå avkjørselen til Austfjordvegen 1008 til krysset på Nordkvingo til Kvingedalen og Kvingebakkevegen (sjå strekning på vedlagt kartutsnitt), då det sidan vegen nyleg vart utbetra har vorte betydeleg høgare trafikkhastigkeit på denne vegstrekninga. Det er mykje både lokal- og gjennomgangstrafikk her, og dersom det vert bru over Masfjorden, vil trafikken truleg auke ytterlegare.

Det å ferdast som fotgjengar langs denne vegstrekninga kjennast ikkje trygt slik det er no, med manglande fotgjengarfelt mesteparten av strekninga, og svært høg hastigkeit på storparten av trafikken.

Denne strekninga er skuleveg for borna i området, som må gå langs vegen utan fotgjengarfelt, og krysse vegen for å komme til rett bussholdeplass. Det er òg mange fotgjengarar til og frå butikken, samt at omtala vegstrekning vert nytta til å komme til volleyballbane og leikeplass i Skolten bustadfelt. I tillegg er brua mellom butikken og vatnet ein flaskehals som ikkje er gunstig å krysse som fotgjengar dersom det kjem bil, då hastigheita ofte er høg her òg. Utover dette er det dagleg forbikøyringar på denne strekninga i høg fart, ofte like før eller ved busskura på Sørkvingo, der mange bilar legg seg nærme busskura, då det ikkje er noko fysisk hindring/gangfelt mellom vegbane og busskur.

Me som bur her ynskjer trygg skuleveg for våre born. Det å la borna våre ferdast langs denne vegstrekninga med fartsgrensa det no er tykkjer me er uforsvarleg utan fylgle av vaksne.

På bakgrunn av dette ynskjer me at fartsgrensa vert redusert frå 80 til 60 km/t, og at dykk vurderar behov for eventuelle andre tiltak som veglys og fotgjengarfelt. Me vonar dykk tek dette til etterretning i den vidare utarbeidninga av kommunedelplan for trafikksikring 2020-2023, og gjer det dykk kan for å sikre fartsreduksjon på denne strekninga.

Venleg helsing

Gro Serine Baarøy og Kristian Kvinge

Ingelin Skjelanger og Arne Hindenes

Camilla Hjelmeland

Benedicte Hjelmeland

Anette Hjelmeland

Asbjørn og Kari Kvinge

Ranveig Kvinge og Tom Birger Rød

Katarina Horgen Kvinge og Ingve Hovland  
Jørgen Kjeseth og Korina Kvinge Kjeseth  
Anne Kvinge Tvedt og Geir Tvedt  
Bjarte Kvinge Tvedt  
Lene Kvinge Tvedt  
Sidsel Kvinge  
Elin Kvinge  
Tina Fjellby  
Gro Marit Kvinge Tande og Rolf Martin Tande  
Svein Gunnar Sivertsen  
Ester Korsøen og Kjetil Fjellby  
Jon Martin Skauge  
Gunn Hindenes og Lars Andås  
Tove og Roy Kvingedal  
Gro Bjørndal  
Leif og Edith Kvinge  
Torun Kvinge  
Lillian Kvinge  
Magnhild og Jarle Rønhovd  
Solveig og Ola Torleif Rønhovd  
Britt Eriksen  
Helga Hodne og Kåre Mjanger  
Wenke Fredheim Ekren og Øyvind Ekren  
Kariann Ekren  
Trine Ekren